

Ivar får ansvar

Ein roman av Arnfinn Kolerud

Før lesing

Boka vi skal lese utdrag frå, heiter *Ivar får ansvar*.

Teikneoppgåve:

Ta fram blyant og fargestiftar og teikn ei skisse av ei bokframside som har denne tittelen. Korleis trur du ho ser ut? Når du er ferdig med arbeidet, viser du bokframsida til sidemannen og forklarar kva du har teikna, og kva du trur boka handlar om.




Før lesing

Felles læringsaktivitet i klassa

Lim alle bokframsidene opp på tavla og samanlikn framsidene.

Samtalespørsmål:

Er bokframsidene veldig forskjellige eller ikkje? Kva slags bokframsider gir deg lyst til å lese boka, og kvifor?



Før lesing

Her ser dokker bokframsida. Var ho annleis enn den dokker teikna?


To og to saman

a) Studer bokframsida og prøv å beskrive henne. Kva slags fargar er brukte? Kva personar er med? Korleis vil du skildre personane som er på teikninga?

b) Kven trur dokker Ivar er? Hugs å grunngi synspunkta dokkar.


c) Kva slags situasjon blir skildra på bokframsida?
Kva har situasjonen med tittelen å gjere, trur dokker?

d) Kva slags relasjon har dei ulike personane på biletet, trur dokker?



Høgtlesing i klasserommet

Læraren din skal no lese utdraget av romanen *Ivar får ansvar* høgt i klassa. Medan læraren din les, skal du følgje med i teksten.




Medan vi les

Lytteoppdrag

b) Prøv å leggje ekstra godt merke til alt som har med Ivar å gjere. Kva slags inntrykk får du av han? Korleis blir han skildra i romanutdraget?

b) Skriv ned alle personane vi møter i romanutdraget, og skriv ned stikkord om det vi får vite om dei.



Etter vi har lese

Jobb saman to og to med dei innleiande samtalspørsmåla. Til slutt har dokker ein felles samtale i klasserommet.

- a) Kva handlar dette romanutdraget om?
- b) Kven møter vi i romanutdraget?
- c) Nemn 2–3 samtalar eller hendingar som du meiner er sentrale i tekstutdraget, og forklar kvifor.
- d) Korleis vil du beskrive Ivar ut frå det du har fått vite om han?
- e) Korleis vil du beskrive Mons?
- e) Kva er relasjonen mellom Ivar og Maja, trur du?
- f) Kva likte du godt ved historia om Ivar? Kva likte du mindre godt?
- g) Fekk tekstutdraget deg til å vilje lese vidare i boka? Kvifor / kvifor ikkje?


Skriveoppdrag


Skriveoppgåve:

Tenk deg at du sjølv ønskjer å søkje sommarjobb og må lage ein plakat. Kva skal stå på plakaten, og korleis skal han sjå ut? Før du kan setje i gang med arbeidet, er det viktig at du bestemmer deg for kva slags jobb du ønskjer å få.

Krav til plakaten:

- Lag ei fengande overskrift som gjer at folk stoppar og les plakaten.
- Teksten skal tydeleg kommunisere kven du er, og kva slags jobb du ønskjer å få.
- Plakaten skal ha ein innbydande design og gode illustrasjonar som understrekar teksten.
- Teksten skal vere skriven på nynorsk.
- Heng plakatane opp i klasserommet.






Vi førebur samtalesirkel

Gå saman to og to

Oppdrag: Om 20 minutt skal klassa setje seg i to samtalesirklar og samtale om tekstutdraget. Du og læringsvenen din skal no førebu spørsmål som dokker skal stille resten av klassa. Før dokker startar på spørsmålsutforminga, skal dokker snakke saman om kva som skjedde i tekstutdraget. Kva overraska dokker? Kva gjekk som venta? Prøv å utforme spørsmål som opnar opp for samtale. Her er nokre døme på gode setningsstartar for slike spørsmål:

- Kva synest du ...
- Korleis opplevde du ...
- Kva trur du er grunnen til at ...
- Kvifor trur du at ...
- Kva tenkjer du om ...
- Kva slags inntrykk får du av forholdet ...
- Kvifor trur du at ...
- Kva tenkjer du om valet ...
- Korleis ville du ha ...



Samtalesirkel

Klassa blir no delt i to samtalesirklar. Det er kvar sin gong til å stille spørsmål. Målet med samtalesirkelen er å reflektere over boka og å vere ein aktiv bidragsytar til samtalen. Hugs å rekkje opp handa så mykje du klarer.

Vis kommentarteiknet om du har lyst til å leggje til eller utdjupe det nokon andre i samtalesirkelen seier.

